



Balestrand kommune

# Kommuneplan for Balestrand kommune 2010 – 2020



## Samfunnsdelen - langsiktige mål og retningslinjer

Balestrand kommunestyre  
25.03.10

# Innhald

Føreord .....	2
1 Planarbeidet og plandokumenta .....	3
1.1 Innleiing .....	3
1.2 Endringar i plan- og bygningslova .....	3
1.3 Om planarbeidet .....	4
1.4 Oversyn over plandokumenta .....	5
2 Analyse av nositasjonen og utfordringar .....	6
3 Overordna mål og retningslinjer .....	8
3.1 Busetnad og levekår .....	8
3.2 Mål for ulike grupper .....	10
3.2.1 Born og unge .....	10
3.2.2 Vaksne .....	12
3.2.3 Personar med psykiske lidingar .....	13
3.2.4 Menneske med nedsett funksjonsevne .....	14
3.2.5 Eldre .....	15
3.3 Kultur, fritid og friluftsliv .....	16
3.4 Næringsutvikling .....	17
3.5 Naturforvaltning og miljø .....	18
3.6 Kommunal infrastruktur og tekniske tenester .....	20
3.7 Samferdsle.....	21
3.8 Kommunen som forvaltningsorgan og tenesteytar .....	21
3.9 Folkestyre og folkevalde organ .....	24
3.10 Andre offentlege tenester .....	25
3.11 Krav til staten .....	26
3.12 Spesielle satsingsområde .....	27

# Føreord

Dette dokumentet er samfunnsdelen av kommuneplanen for Balestrand kommune for perioden 2010 – 2020. Den inneheld langsiktige mål og retningslinjer for kommunen og vart vedteke av Balestrand kommunestyret den 25.03.10. Samfunnsdelen danner utgangspunkt for og gir føringar til arealdelen av kommuneplanen, som vart vedteke i same saka.

For å oppnå ei ynskt utvikling på viktige område er det naudsynt å tenke langsiktig. Dei måla og retningslinjene som er trekte opp her er resultatet av ein grundig prosess, og bør ligge fast over tid. Det må etablerast ei forståing for at oppnåing av viktige resultat krev medvite arbeid over fleire år, der ein må gjennom mange prosessar og samarbeide med mange instansar. Den interne kommunale verksemda må planleggjast og organiserast slik at alle trekker saman mot desse måla.

Det manglar ikkje utfordringar for Balestrand kommune. Men kommunen har gode føresetnader for å oppnå mykje dersom ein ser på det som særpregar Balestrand som stad og folka som bur her. Særleg dersom vi alle kan samarbeide godt ut frå felles langsiktige mål vil utsiktene til framgang vere gode.

Balestrand skal vere perla ved Sognefjorden og vi skal inspirere alle som bur her og alle som besøker oss.

Balestrand, 25.03.10

Einar Målsnes  
ordfører

# 1. Planarbeidet og plandokumenta

## 1.1 Innleiing

Etter kommunelova skal alle kommunar utarbeide ein samordna plan for den kommunale verksemda. Plan- og bygningslova inneheld nærare føresegner om kommuneplanlegginga.

Etter plan- og bygningslova skal kommunen ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsprogram og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver i kommunen.

Det kan utarbeidast kommunedelplan for bestemte område, tema eller verksemdsområde. Kommuneplanen skal ha eit handlingsprogram eller ein handlingsdel som viser korleis planen skal fylgjast opp dei fire påfylgjande åra eller meir, og som skal reviderast årleg. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen. I praksis vert handlingsdelen og økonomiplanen eitt og same dokument.

Samfunnsdelen i kommuneplanen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Den bør innehalde ein omtale og vurdering av alternative strategiar for utviklinga i kommunen. Samfunnsdelen skal være grunnlag for sektorane sine planar og verksemd i kommunen. Den skal gi retningslinjer for korleis kommunen sine eigne mål og strategiar skal gjennomførast i kommunal verksemd og ved medvirknad frå andre offentlege organ og private.

Samfunnsdelen i kommuneplanen skal leggjast til grunn for kommunen si eiga verksemd og for staten og regionale styresmakter si verksemd i kommunen. Handlingsdelen gir grunnlag for kommunen si prioritering av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver og konkretiserer tiltaka innanfor kommunen sine økonomiske rammer.

Kommunen skal ha ein arealplan for heile kommunen (arealdelen i kommuneplanen) som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Det kan utarbeidast arealplanar for delar av kommunen sitt område.

Arealdelen skal vise hovedtrekka i arealdisponeringa og rammer og vilkår for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan settjast i verk, samt viktige omsyn som må ivaretakast ved disponeringa av areala. Arealdelen skal omfatte plankart, føresegner og planomtale der det går fram korleis nasjonale mål og retningslinjer, og overordna planar for arealbruk, er ivaretekne. Plankartet skal i naudsynt utstrekning vise hovudføremål og omsynssoner for bruk og vern av areal.

Arealdelen i kommuneplanens fastset framtidig arealbruk for området og er ved kommune-styret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak.

## 1.2 Endringar i plan- og bygningslova

Den 27.06.08 vart det vedteke ein ny plandel av plan- og bygningslova, som trådte i kraft frå 01.07.09. Denne kommuneplanen er utarbeidd ut frå reglane i den tidlegare plan- og bygningslova. Samstundes har det i stor grad vore teke omsyn til reglane i den nye lova:

- Større innsats tidleg i planprosessane er vektlagt.
- Kommuneplanen skal ha ein samfunnsdel og ein arealdel. At samfunnsdelen skal leggjast til grunn for offentlege styresmakter si verksemd i kommunen (inkl. kommunen si eiga verksemd) er sterkare understreka enn tidlegare.

- Planen skal ha ein handlingsdel som skal rullerast årleg (tilsvarer handlingsprogrammet som har vore fastsett i samband med økonomiplanen).
- Forbodet mot bygging i strandsona vert vidareført. Det skal utarbeidast statlege planretningslinjer for ein geografisk differensiert strandsonopolitikk. Retningslinene skal ta omsyn til ulikskapane langs kysten. Det vil seie at det skal vere enklare å få løyve til å bygge i område utan press enn i område der presset er stort. Det er kommunen som gjennom ein demokratisk prosess skal utarbeide planar som ivaretek dei lokale variasjonane. Høvet til å gje dispensasjon vert derimot mindre.
- Kommunene skal også vurdere kva vassdrag som skal ha byggeforbud.
- Den nye loven åpner for å kunne ivareta fleire miljøomsyn gjennom planane. Kommunane kan stille krav om fleksible og miljøvennlige energiløysingar i samband med ny utbygging. Det vil seie at kommunen kan krevje at det vert lagt til rette for vannbåren varme.
- Omsynssoner vert innført som nytt omgrep i lova. Omsynssonene, som vert definerte av kommunane, viser kva bruksavgrensingar som ligg i eit område. Dei kan t.d. vise fareområde (som rasfare) og område med særlig omsyn til bruk eller vern, t.d. jordvern. Omsynssonene overstyrer ikkje særlovgjevinga.
- Regionale planar (fylkesplanar) er i dag berre retningsgjevande for kommunar og private utbyggjarar. Dette er endra. Etter den nye lova kan regionale planar gjerast juridisk bindande inntil dei vert innarbeidd i kommuneplanar. Det vil seie at ei planlagt utbygging som strider mot den regionale planen kan stoppast.

### 1.3 Om planarbeidet

Det vert vist til fastsett planprogram. Arbeidet med rulleringa av kommuneplanen starta med formannskapet sitt vedtak den 13.02.08. Det vart her m.a. gjort vedtak om organisering av arbeidet, arbeidsmåte, fullmakter og den overordna inndelinga av plandokumentet.

Formannskapet har vore styringsgruppe for det vidare arbeidet, medan rådmannen har leia den administrative tilrettelegginga. Det har ikkje vore nytta ekstern bistand.

I mars 2008 vart det utarbeidd eit analyse- og utfordringsdokument som eit grunnlag for arbeidet. Det vart gjennomført folkemøte i alle krinsane i starten av april 2008 og det var høve for alle til å gje skriftleg uttale.

Administrasjonen, dei politiske sektorutvala og formannskapet arbeidde vidare med saka fram til formannskapet gjorde vedtak om eit høyringsutkast til samfunnsdelen - langsiktige mål og retningslinjer den 02.04.09. Utkastet vart deretter lagt ut til offentleg ettersyn fram til 01.06.09.

Det har parallelt vore arbeidd med arealdelen av kommuneplanen. For arealdelen vart det gjennomført 2. gongs utlysing og offentleg ettersyn etter vedtak i formannskapet den 03.12.09 og fram til 29.01.10.

Kommuneplanen vart vedteke samla (samfunnsdelen og arealdelen) i kommunestyret den 25.03.10.

## 1.4 Oversyn over plandokumentata

Som det går fram under pkt 1.1 er kommuneplanen sett saman av ein langsiktig og ein kortsiktig del.

Den langsiktige delen skal vere sett saman av to delar:

- *Samfunnsdelen - langsiktige mål og retningsliner.* Denne delen inneheld dei overordna politiske måla som kommunestyret har vedteke for planleggjinga og retningsliner for dei ulike sektorane. Det er i samband med denne delen utarbeidd ein eigen næringsplan som inngår som ein del av kommuneplanen.
- *Arealdelen.* Ein fysisk plan, som konkret og kartfesta fastset tillate bruk av areal og utnytting av naturressursar innanfor kommunen sitt område. Dette dokumentet i kommuneplanen er det einaste som får rettsleg verknad.

I plandokumentet er det elles vist til ei rekke andre utgreiingar og dokument utarbeidd av kommunen sjølv eller andre.

Dei ulike måla, delmåla og underpunkta i dette dokumentet er sett opp i ikkje prioritert rekkefylgje.

## 2. Analyse av nosituasjonen og utfordringar

Til grunn for oppsummeringane i dette kapitlet ligg m.a. gjeldande kommuneplan, årsmelding for 2007, økonomiplan for 2008-2011, analyse- og utfordringsdokument utarbeidd i mars 2008 og referat frå folkemøte i april 2008.

Dei viktigaste utviklingstrekk og utfordringane kan samanfattast slik:

- Balestrand kommune har over mange år hatt ei negativ folketalsutvikling, sett i høve til utviklinga på fylkesplan og landsbasis. Spesielt dei siste 5 åra har denne utviklinga vore tydeleg. Noko av årsaken til dette er nok at kommunen åra 2002 – 2005 var tvungen til å gjennomføre ei stor nedbemanning.
- Kommunen hadde i ein lengre periode ei intern sentralisering, ved at høvesvis fleire vart busette i sentrum. Men sidan år 2000 er det folketalet i sentrum som har gått ned, medan det har vore relativt stabilt i grendene.
- Når det gjeld fordelinga av innbyggjarane på aldersgrupper og andre kategoriar, har ikkje kommunen ein situasjon som er veldig spesiell eller urovekkande. Det er høvesvis stor kvinneandel i aldersgruppa 20-39 år. Balestrand var på eldretoppen på 90-talet, men er no ikkje blant dei kommunane som har flest eldre. Tal eldre over 67 år vil auke markant etter 2020, på same måten som i dei fleste andre kommunane i landet.
- Det som særpregar Balestrand er likevel framleis at kommunen har mange psykisk utviklingshemma menneske (den kommunen i landet som har nest flest sett i høve til folketalet). Dette har samband med vertskommuneansvaret etter nedlegging av institusjonen Granlia. Aldring blant menneske i denne gruppa, og at det etter kvart vert færre, vil sette sitt preg på utviklinga i kommunen og behovet for kommunale tenester.
- Kommunen har i ei årrekke hatt svært lita arbeidsløyse. Dette skuldast i fyrste rekke den store trongen for arbeidskraft innan pleie- og omsorgstenestene. Denne situasjonen er på mange måtar positiv, men bidreg til store rekrutteringsutfordringar i periodar.
- Det er høvesvis mykje utpendling frå kommunen, men og ein del innpendling. Kommunen er såleis veldig avhengig av ein regional bu- og arbeidsmarknad.
- Landbruk og reiseliv har tradisjonelt vore rekna som dei viktigaste næringsvegane i Balestrand. Landbruksnæringa har gått tilbake, medan reiselivet held stand. Det er mange som er tilsett i offentlege verksemder, og kommunen sysselset klart flest av arbeidsstyrken. Det er nokre private næringsverksemder som gjer det bra og har ein god posisjon i marknaden, men det er ikkje mange store bedrifter i kommunen. Dei største arbeidsplassane utanom kommunen er Sygna vidaregåande skule og Nesseplast.
- Det kommunale tenestetilbodet vert i hovudsak vurdert som godt, trass i omfattande stillingsreduksjonar i perioden 2002-2005.
- Kommunen opplever både utfordringar og føremoner med små oppvekstsentra i grendene. For å oppretthalde eller auke busetnaden i grendene, ser ein det som viktig å halde fram med det same tilbodet som i dag. Dette set krav til organisering og andre tiltak som kan redusere ulempene med små miljø ved grendaskulane.
- Ein kan vise til gode resultat i skulen over tid, men endringar i samfunns- og familiestrukturar fordrar nye måtar å møte utfordringane på. Ein ser m.a. behovet for meir samordning av dei kommunale tenestene overfor barn og unge. Kampen om arbeidskrafta vil auke, og det vil verte viktig å vere i stand til å rekruttere lærarar i åra framover.

- I pleie- og omsorgstenestene merker ein dei auka forventningane til det kommunale tenestetilbodet. Det skjer over tid ei overføring av oppgåver frå spesialist- til kommunehelsetenesta. "Rikdomens dilemma" er dessutan at medborgarane sine krav til tenestene generelt vil auke, medan kommunane sine sjansar til å innfri ikkje er i samsvar med dette. Det er utfordrande å syte for nok bemanning og kompetanse, og å kunne gjennomføre verksemda innanfor avgrensa budsjetttrammer. Det må planleggjast for å møte den store auken i tal eldre frå 2020.
- Det er eit auka behov for tilbod til yngre funksjonshemma og deira familiar.
- Kommunen har i dag god kompetanse i nokre viktige fagstillingar der mange andre kommunar slit (lege, psykisk helsevern, helsesøster, jordmor, fysioterapi, ergoterapi, PPT, logopedtenester). Ved vakansar i framtida kan ein stå overfor vanskelege rekrutteringsoppgåver.
- Kommunen er i dag godt i stand til å fylgje opp nasjonale satsingar i høve til psykisk helsevern og folkehelse.
- Ungdomsarbeidet har fått ei løft dei siste åra med "ungdomens hus", fast 50 % ungdomsarbeidar, eit fungerande ungdomsråd og fleire nye aktivitetar.
- Det er trong for attraktive område for bustad- og fritidsføremål både i sentrum og i grendene. Det bør og satsast på utleigebustader slik at folk kan kome til kommunen utan å måtte kjøpe eller bygge hus.
- Balestrand kommune må for å verte ein attraktiv stad å kome til å bygge på det som særpreger kommunen, utvikle dei eigenskapane ein ynskjer å ha og skape ein tydeleg profil og marknadføre seg betre. Det må leggjast vekt på å ta i mot dei som kjem hit på ein inkluderande og god måte.
- Det er behov for eit utstrekt samarbeid, ein felles dugnad, der m.a. både kommunen og næringslivet går saman om eit aktivt næringsutviklingsarbeid og anna arbeid for å utvikle kommunen.
- Det er trong for ytterlegare tilrettelegging med infrastruktur (m.a. næringsareal) for næringslivet.
- Reiselivsproduktet må utviklast, og nasjonal turistveg må vere prioritert.
- Kommunikasjonane er viktige for Balestrand, både for å få gode vilkår for næringslivet i kommunen, og fordi ein er avhengig av ein regional bu- og arbeidsmarknad. Det er løpande trong for å kjempe for å behalde dagens rutetilbod og utbetre vegane. Spesielt vil det vere viktig for Balestrand å få ei utbetring mellom Balestrand og Dragsvik.
- Kommuneøkonomien er under press. Etter fleire år med tilfredsstillande driftsresultat, har driftsresultatet vore for svakt dei siste åra, og utgiftsveksten er større enn inntektsveksten. Langsiktig gjeld er på eit akseptabelt nivå, men bør ikkje auke mykje dei neste åra. Kraftfond 2 har vorte nytta til utviklings- og infrastrukturføremål, og det er no lite midlar att på fondet.



## 3. Overordna mål og retningslinjer

### 3.1 Busetnad og levekår

#### *Mål og retningslinjer*

---

1. Det overordna målet for Balestrand kommune skal vere høg livskvalitet for innbyggjarane gjennom gode og trygge buforhold, tilgang til gode private og offentlege tenester og inspirerande opplevingar.
2. Balestrand kommune skal vere eit leiande reisemål, ein attraktiv stad og bu og ha ein god kommuneorganisasjon. Desse ambisjonane skal synleggjerast gjennom visjonen "Perla ved Sognefjorden". Innbyggjarane skal stimulerast til å bygge opp under staden sin identitet og merkevare ved å vere ekte, opne og inspirerande. Merkevara skal kommuniserast med uttrykket "Balestrand inspirerer deg".
3. Balestrand kommune skal oppretthaldast som eigen kommune med nærleik mellom folk og styrande/tenesteytande organ og eit aktivt lokaldemokrati.
4. For å oppnå eit best mogeleg tilbod til innbyggjarane innanfor dei ressursmessige rammene, skal Balestrand kommune gjennomføre ei vidare utvikling av det interkommunale samarbeidet og utvide samarbeidet med andre offentlege instansar. Dette vil og vere viktig i høve til framtidige rekrutteringsutfordringar. Det skal innførast døgnopen forvaltning via internett.
5. Folketalet i kommunen skal aukast. I samarbeid med lag og organisasjonar skal det utviklast eit system for å ta i mot folk som flyttar hit på ein god måte.
6. Kommunen sin praksis i høve til fritak frå bu- og driveplikt på landbrukseigedomar skal vere styrt av målet om å legge til rette for auke i folketalet. Det skal vere ein restriktiv praksis, og normalt skal det ikkje gjevast fritak ved 2. gongs søknad.
7. Det skal leggjast til rette for bustadbygging i alle delar av kommunen, både som fortetting av sentrumskjerna i Holmen, som bustadfelt og som spreidd busetnad. Buområde skal vere atskilt frå område for fritidsbustader. Det skal vere ein differensiert bruk av strandsona tilpassa dei landskapsmessige tilhøva i dette området.
8. Det skal vere utleigebustader i sentrum og i grendene som gjer det mogeleg å flytte til Balestrand utan å måtte bygge hus.
9. Kommunen skal motivere til vedlikehald og stell av private hus og eigedomar.
10. Kommunen skal gjennomføre si drift og utføre sine tenester på ein mest mogeleg effektiv måte, slik at det totale tenestetilbodet vert best mogeleg. Der dette gjev størst effektivitet, bør oppgåvene utførast saman med eller av andre offentlege instansar. Alternativt kan tenestene vurderast utført saman med eller av private foretak.

---

## **Kommentarar**

"Busetnad og levekår" omfattar på mange måtar det meste av det som er måla for ein kommune. Mål nr 1 kan seiest å utgjere eit overordna mål for den kommunale verksemda.

Mål nr 2 viser ambisjonar om å framstå som noko unikt som er kjent og attraktivt. Målet vektlegg og det å utnytte kommunen sitt særpreg og skape ein felles dugnad bygd på dette. Balestrand kommune meiner innbyggjarane er best tente med at ein held fram som eigen kommune. Som liten kommune med relativt korte avstandar får ein større nærleik mellom folk og styrande organ. Dette gjev eit godt høve for den einskilde til å påverke avgjerdsprosessar og innverke på sin eigen kvardag. Vidare vil det gje eit grunnlag for betre tenester i det daglege når avstandane ikkje vert for store.

Den generelle samfunnsutviklinga og dei aukande krava til den kommunale verksemda inneber derimot at ein raskt vil kome til kort om ikkje ein del oppgåver vert løyst i eit fellesskap med andre kommunar. Det er såleis høgt prioritert å utvikle det interkommunale samarbeidet vidare. Det vert og svært viktig å utvikle bruken av informasjonsteknologi.

Mål nr 5-8 reflekterer hovudmålet om auka busetnad i kommunen, dvs å gjere det enkelt og attraktivt å kome til kommunen og busette seg her.

Kommunen skal så langt det er mogeleg tilrettelegge buområde slik at dei vert oppfatta som buområde og nytta som det, og ikkje til fritidsbustader. Dette kan gjerast ved fysisk utforming av areal og krav til bustadene. Andre tiltak skal vurderast.

I høve til målet om utleigebustader er det i utgangspunktet ikkje teke stilling til kven som skal bygge desse. Kommunen skal ha ein "syte for"-funksjon, men ser at det kan verte naudsynt at kommunen sjølv bygger utleigebustader, spesielt i grendene. Utleigebustadene skal vere gjennomgangsbustader, dvs dei skal verte utleigde til same person/familie for eit avgrensa tidsrom.

Det er svært vesentleg for all anna måloppnåing at kommunen kan gjennomføre si drift og utføre sine tenester på ein mest mogeleg effektiv måte. I ein del tilfelle kan det vere føremålstenleg at andre enn kommunen sjølv står for sjølve tenesteproduksjonen. Det kan vere underordna kven som utfører oppgåvene, så lenge dette er underlagt kommunal kontroll.

## 3.2 Mål for ulike grupper

### 3.2.1 Born og unge

#### *Mål og retningslinjer*

---

1. Gjennom målmedviten styring og samarbeid skal ein oppnå at barn og unge får trygg og inspirerende oppvekst og læring. Det skal vere god og tilpassa opplæring for den einskilde eleven, og læringsresultatet i Balestrand skal over tid ligge over fylkesgjennomsnittet.
2. Alle einingar og tilsette innan oppvekstområdet skal ha eit ansvar for at heile systemet fungerer godt og for totalresultatet for kommunen.
3. Det skal vere tilbod om barnehage, skulefritidsordning og skule på Fjordtun, Nessane og i Balestrand sentrum. I grendene skal tilbodet vere organisert som oppvekstsenter. Det skal tidleg i perioden utgreiast og avklarast om barnehage og skule i sentrum kan samlokalisert ved noverande Sagatun skule.
4. Grunnskulen skal vere ein aktiv medspelar i lokalmiljøet, og skuleanlegga skal vere opne for aktivitetar utanom skuletid.
5. Entreprenørskap og partnerskap skal prioriterast i utviklinga av skulen.
6. Foreldre og born skal få eit fleksibelt og brukarvenleg tilbod og full barnehagedekning i kommunen.
7. Gjennom eit tverrfagleg barne- og ungdomsteam skal det arbeidast med eit konkret, tidleg og samordna tilbod til barn og elevar som treng det i barnehage og skule.
8. Kommunen skal leggje til rette for eit heilskapleg barne- og ungdomstilbod i kommunen. Samarbeid med frivillige organisasjonar skal prioriterast.
9. Det skal vere eit kontinuerleg fokus på born og unge sin trivsel og tiltak for å hindre mobbing. Det skal arbeidast systematisk med oppfølging av vedteken strategi for inkludering og den pedagogiske plattformen.
10. Kommunen skal tilrettelegge for drift av eit ungdomsråd som skal vere ein samarbeidspart i høve til tilrettelegging for born og unge.
11. Kulturskulen skal framleis vere ein viktig kulturberar i lokalsamfunnet. Flest moglege av grunnskuleelevene skal ha høve til å vere deltakarar i kulturskulen.

---

#### *Kommentarar*

Balestrand kommune har ambisiøse mål når det gjeld kvaliteten innanfor oppvekstområdet.

Ein liten kommune med små einingar vil vere utsett og sårbar ved endringar i rammevilkår og utfordringar. Det er såleis viktig å understreke behovet for at alle har eit ansvar for at heile systemet fungerer. I dette ligg det m.a. at arbeidstakarar må akseptere endra arbeids-

stad og oppgåver for kortare eller lengre periodar dersom det er det som skal til for samla sett å gje eit best mogeleg tilbod i ulike situasjonar.

Ulemper og føremoner ved dagens skulestruktur må løpande vurderast. Små einingar er sårbare og det kan vere ulemper knytt til små miljø både for elevar og tilsette. På den andre sida kan det bøtast på desse ulempene gjennom samarbeid og nettverk, og kommunen har vurdert den positive effekten for kommunen av å oppretthalde tilboda i grendene som større enn dei negative sidene.

Gjennom mål 4 og 5 tek ein sikte på å styrke lokalsamfunnet gjennom aktiviteten i skule og barnehage. Entreprenørskap vil dessutan gje borna/elevane ei sterkare tilknytning til og kunnskap om heimstaden og betre kompetanse i høve til å starte eiga verksemd og bidra i lokalsamfunnet.

I tilknytning til skule og barnehage skal det vere eit tett og systematisk tverrfagleg samarbeid med og mellom hjelpeinstansar som PPT, psykisk helsevern, helsestasjon og barnevern ved etablering av eit barne- og ungdomsteam. Det skal i tida framover vurderast om det er føremålstenleg å legge desse instansane under ei eining.

Oppgraderinga av eit aktivt tilretteleggjande og aktiviserande arbeid i høve til ungdom skal halde fram.

## 3.2.2 Vaksne

### ***Mål og retningslinjer***

---

1. Balestrand kommune skal inngå i ein regional bu- og arbeidsmarknad. Gjennom samarbeid med andre kommunar og andre instansar skal ein vektleggje å gje eit godt totaltilbod til dei som ynskjer å bu og/eller arbeide i kommunen.
  2. Det skal aktivt tilretteleggjast for at personar i kommunen kan vidareutdanne seg innan yrke der det er mangel på arbeidskraft.
  3. Skulane skal vere ressursentra også for vaksne som treng etter- og vidareutdanning.
  4. Det skal utviklast eit system for å ta i mot folk som flyttar hit på ein god måte.
  5. Det skal vere gode fritidstilbod for vaksne.
- 

### ***Kommentarar***

Balestrand kommune er heilt avhengig av det som skjer og det tilbodet som finst i ein større region. Det er såleis viktig å delta i eit samarbeid med andre for å utvikle den regionale bu- og arbeidsmarknaden. Dette har mykje å seie både for kor attraktivt det er å bu i kommunen og for å kunne rekruttere arbeidskraft til kommunale tenester og andre verksemder i kommunen.

Målet om å ta i mot tilflyttarar på ein god måte samsvarer med mål 3.1.5 foran. I samband med dette vert det viktig å syte for god informasjon til og oppfølging av tilflyttarar. Det vil vere eigne utfordringar i høve til arbeidsinnvandrarar frå utlandet, som treng rettleiing om kor dei skal vende seg om ulike spørsmål og som treng norskopplæring. Det er viktig at det finst læremateriell i høve til vaksne framandspråklege på nynorsk og at det vert gjeve eit opplæringstilbod ut frå dette.

### 3.2.3 Personar med psykiske lidningar

#### *Mål og retningsliner*

---

1. Balestrand kommune skal med rett kompetanse gje eit godt tilbod til personar med psykiske lidningar.
  2. I høve til utfordringane i Balestrand kommune skal det leggjast vekt på:
    - Tverrfagleg og tverretatleg samarbeid.
    - Arbeidsplassar/dagtilbod.
    - Tilbod til einskildpersonar/grupper,
      - sikre at grunnleggjande behov vert imøtekomne,
      - ordning med støttekontaktar,
      - samlingsstad med låg terskel.
  3. Tiltak for fysisk aktivitet skal prioriterast.
- 

#### *Kommentarar*

Balestrand kommune har i løpet av dei siste ti åra oppgradert tenestene til personar med psykiske lidningar. Dette skal framleis vere prioritert.

Unge og barn av foreldre med psykiske problem er ei gruppe som kanskje ikkje har vore nok fokuserte og ivaretekne. Dette vil ein søke å endre i tida framover.

### **3.2.4 Menneske med nedsett funksjonsevne**

#### ***Mål og retningslinjer***

---

1. Det skal vere eit tilpassa butilbod til den einskilde som har nedsett funksjonsevne.
  2. Det skal vere eit godt arbeids- og dagtilbod til alle med nedsett funksjonsevne i kommunen.
  3. Tilbodet til dei psykisk utviklingshemma i kommunen skal vidareutviklast og tenesta skal tilpassast tal brukarar i perioden. Balestrand aktivitetssenter skal disponere tilstrekkelege lokale til dagtilbod og vaksenopplæring.
  4. Arbeidet med å tilpasse pleie- og omsorgstenestene til eldre psykisk utviklingshemma og møte endra omfang på desse tenestene i åra framover skal ha prioritet tidleg i perioden.
  5. Tiltak for fysisk aktivitet skal prioriterast.
  6. Kommunen skal tilrettelegge for drift av eit råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne som skal vere ein samarbeidspart.
  7. Kommunen skal ha ei medviten haldning til tilsetjing av menneske med nedsett funksjonsevne.
- 

#### ***Kommentarar***

Mål 3 og 4 er av dei mest kritiske for Balestrand kommune i åra framover. God planlegging og gjennomføring av naudsynte endringar i rett tid vert viktig. Samstundes som kvaliteten på tenestene skal vere best mogleg innanfor dei ressursmessige rammene, skal tenestene tilpassast til nye behov m.a. på grunn av aldring blant tenestemottakarane. Samstundes skal aktiviteten trappast ned i takt med at tal personar innan vertskommuneordninga vert redusert. Dette krev medvit og gode prosessar.

I denne samanhengen bør ein og vurdere korleis Balestrand kommune i framtida kan nyttigjere seg den unike kompetansen som er opparbeidd som vertskommune for psykisk utviklingshemma gjennom mange år.

## 3.2.5 Eldre

### *Mål og retningslinjer*

---

1. Balestrand kommune skal ha eit tilstrekkeleg tilbod om pleie- og omsorgstenester i institusjon for eldre som treng det. Dette skal gjevast gjennom tilbodet i Balestrand helsetun med 26 sjukeheimsplassar og 4 omsorgsbustader. Når det er behov for det, skal omsorgsbustadene drivast som sjukeheimsplassar.
  2. Heimebasert omsorg skal vere eit alternativ til institusjonsomsorg for dei som kan bu heime. Flest mogeleg av dei eldre skal kunne bu heime så lenge dei ynskjer . Tilrettelegging med gode hjelpemiddel, praktisk hjelp, tilskot til utbetring av bustader, avlastningsopphald ved sjukeheim og aktivitetar som "trygge eldre" skal bidra til dette. Det skal vere eit likeverdig tilbod i sentrum og i grendene.
  3. Forventningar til tenestenivået innan eldreomsorga skal tilpassast til dei ressursmessige rammene og lovbestemte rettar og skal avklarast ved utarbeiding av serviceerklæring /tenestestandardar i kommunen. Tenestemottakarar og pårørande skal møtast med respekt og få god informasjon.
  4. Det skal utviklast eit tilfredsstillande tilbod til demente som bur heime.
  5. Det skal vere eit aktivitets- og omsorgstilbod til eldre ved Balestrand helsetun, i eit samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Det skal i samarbeid med råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne utviklast nye aktiviserande tilbod for eldre.
  6. Det skal vere høve for aktive eldre til å delta i større eller mindre grad i arbeidslivet.
  7. Kommunen skal tilrettelegge for drift av eit råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne som skal vere ein samarbeidspart.
- 

### *Kommentarar*

Balestrand kommune vil vektlegge ein gjennomtenkt og tydeleg strategi i høve til tilbod i institusjon og tilbod i open omsorg. Kommunen har eit godt utgangspunkt med eit nytt, moderne helsetun med god kapasitet i høve til eit forventa behov, og med ein viss fleksibilitet når det gjeld tal sjukeheimsplassar.

Tilbodet til eldre som ynskjer å bu heime har det vorte tilrettelagt betre for gjennom m.a. ambulerande vaktmeister, ergoterapeutfunksjon, betre arbeid med hjelpemiddelformidling og prosjekt "trygge eldre". Dette løftet vil ein ta vare på og styrke.

Mål 3 vil vere eitt viktig mål i tida framover. Utviklinga kan tilseie eit aukande sprik mellom forventningar og behov på den eine sida og kommunen sine evner til å yte tenester på den andre sida.

Når det gjeld mål nr 5 kan dette vere tiltak som inspirerer og utfordrar tankemessig og gir kompetanseheving. Døme på dette kan vere kurs i bruk av data, mobiltelefon, lesestundar o.l.



### 3.3 Kultur, fritid og friluftsliv

#### *Mål og retningslinjer*

---

1. Balestrand kommune har særskilde fortrinn for utøving av eit variert friluftsliv og også for mange idrettsgreiner. Kommunen skal gjennom kommunedelplan for friluftsliv, idrett og grøntområde systematisk jobbe for å tilretteleggje for og ta vare på dei anlegg og område som er viktige i denne samanhengen.
  2. Fjordane og Nessane har tenlege lokale samfunnshus. Innan 2011 skal det avklarast kva som skal vere kommunen sitt framtidige samarbeid med Balestrand bygdahus og framtidig opplegg for kinoen.
  3. Kommunen skal vere aktiv medspelar og tilretteleggjar for kulturarbeidet som vert gjort gjennom lag og organisasjonar.
  4. Folkebiblioteket skal på sikt samlokalisert med og integrert med skulebiblioteket ved Sagatun skule.
  5. Eksisterande ordning med kommunal kulturpris skal vidareførast.
  6. Det skal arbeidast for at frivillige lag og organisasjonar vert trekt aktivt med i utforminga av lokalsamfunnet.
- 

#### *Kommentarar*

Også gjennom mål nr 1 her kan Balestrand kommune utnytte nokre av sine naturlege fortrinn.

Det vert viktig å avklare kva forholdet skal vere mellom kommunen og Balestrand bygdahus, og korleis dette lokalet skal prioriterast i høve til andre lokale som er eigna til kulturarrangement og fritidsaktivitetar. For at kinoen skal halde fram må det til investeringar i høve til digitalisering, og kommunen har medverka til dette gjennom å stille garanti for naudsynt låneopptak.

Balestrand kommune har eit aktivt engasjement blant innbyggjarane, dugnadsviljen er stor og det er bra deltaking i frivillige lag og organisasjonar. Det er avgjerande at ein held på dette engasjementet og at ikkje forventningane til at kommunen skal ta seg av ulike oppgåver stig til urealistiske høgder.

## 3.4 Næringsutvikling

### *Mål og retningslinjer*

---

1. Balestrand kommune skal gjennom eit formalisert og aktivt samarbeid med næringslivet i kommunen - og andre aktuelle aktørar - arbeide for god tilrettelegging for næringsutvikling. Kommunen skal ha eiga stilling som næringssjef som koordinerer dette arbeidet. Den nærare organiseringa av arbeidet og satsinga på næringsutvikling er avklart gjennom eit eige prosjekt. Nærare mål og tiltak skal vere fastsett i ein eigen næringsplan.
  2. For å lukkast med næringsutviklingsarbeidet er ein avhengig av eit aktivt engasjement frå næringslivet sjølv.
  3. Heile kommuneorganisasjonen – alle leiarar og tilsette - skal ha ansvar for å medvirke i næringsutviklingsarbeidet. Det skal vere god kobling mellom entreprenørskap i skulen og anna arbeid som fremjer næringsutvikling.
  4. Kommunen skal til ein kvar tid ha tilgjengeleg næringsareal. Det er i samband med arealdelen i kommuneplanen sett av ytterlegare næringsareal i tilknytning til Balestrand tettstad, Nessane og Fjordane krins.
  5. Arbeidet med utvikling av og tilrettelegging for reiselivsbasert verksemd skal vere ein prioritert del av næringsutviklingsarbeidet. Arbeidet med produktutvikling og infrastrukturmessige tiltak skal vere forankra lokalt i kommunen, medan det må vere eit samarbeid om felles marknadsføring av reiselivsprodukt i Sogn.
  6. Kommunen skal fylgje opp satsinga som er initiert gjennom økoløftprosjektet, for å tilrettelegge for produksjon av økologisk frukt.
  7. Vedtektene for bruk av næringsfond skal gjennomgåast tidleg i perioden. Bedriftsretta støtte skal vere naudsynt mellombels stønad i høve til etablering og utvikling av næringsverksemd. Det skal i samarbeid med ungdomsrådet etablerast retningslinjer for ungdomsretta næringsstiltak ut frå den fylkeskommunalt vedtekne ordninga for dette.
  8. Det skal arbeidast aktivt for realisering av Norsk reiselivsmuseum.
  9. Balestrand kommune skal arbeide for at det vert tilfredsstillande breibandtilbod for privatpersonar, organisasjonar og verksemd i kommunen.
- 

### *Kommentarar*

Næringsutvikling er eit viktig satsingsområde, og det skal framleis vere prioritert å ha eigen næringssjef. Men det er og vektlagt at dette ikkje er noko som berre kan vere ei sak for kommuneleiinga og næringssjefen. Skal ein få til eit løft, er ein avhengig av at heile kommuneorganisasjonen deltek, og at det er eit samarbeid med næringslivet og andre instansar og ressurspersonar i kommunen. Det er gitt klarsignal for utbygging av Norsk reiselivsmuseum i april 2009 og kommunen skal arbeide vidare i høve til ei god realisering av museet.

## 3.5 Naturforvaltning og miljø

### *Mål og retningslinjer*

---

1. Balestrand kommune skal gjennom eit planmessig og heilskapleg arbeid oppnå meir effektiv energibruk, mindre forbruk av fossilt brensel, ein reduksjon i klimagassutslipp i kommunen og ei tilpassing til klimaendringane.
2. Nærare mål og tiltak skal vere fastsett i ein eigen klima- og energiplan.
3. Det skal arbeidast for å miljøsertifisere den kommunale verksemda og andre verksemder i kommunen.
4. Kommunen skal bidra til eit medvite fokus på kultur- og naturlandskapet og biomangfaldet.
5. Kommunen skal ha løpande fokus på nærmiljøet/offentlege rom, og skal systematisk jobbe for å forbetre dette. Kommunen vil med dette ha fokus på
  - rydding av bos,
  - stell og utvikling av parkar og grøntområde,
  - stell og utvikling av gate og parkutstyr (benkar, bord, bosdunkar, skilt, tavler m.m.)
  - stell og vedlikehald av bygg.
  - utforming av nye bygg og anlegg
6. Kommunen skal ha ein lokal strandsonopolitikk som er tilpassa til lokale behov.
7. Kommunen skal i alle planar og utbyggingssaker vurdere konsekvensar tiltaket har på miljø, både natur, kulturlandskap, nærmiljø og bygningsmiljø. Det skal gjennomførast risiko- og sårbarhetsanalysar i høve til klimapåverknad og naudsynte beredskapsmessige tiltak i alt planarbeid.

---

### *Kommentarar*

Måla her markerer ei opprioritering av det miljørelaterte arbeidet. Ein er spesielt oppteken av fokuset på naudsynt tilpassing lokalt til klimaendringar.

Miljøomsyn skal vegast opp mot andre samfunnsmessige omsyn, ikkje minst vert dette viktig i høve til bruken av strandsona i eit område som Balestrand.

## 3.6 Kommunal infrastruktur og tekniske tenester

### *Mål og retningslinjer*

---

1. Kommunen skal ha eit hovudfokus på å leggje til rette for attraktive bumiljø. Dette skal skje ved at det er tilrettelagde bustadfelt i alle krinsane der kvalitet er vektlagt ved plassering, tomtstorleik, plassering, funksjonelle fellesområde, estetikk, trafikktryggleik og om mogleg tilrettelagt med tilleggsgoder som naustplass og liknande.
  2. Tilrettelegging for område for spreidd utbygging i kommuneplanen sin arealdel.
  3. Tilrettelegging for husvære for alle aldersgrupper i sentrum.
  4. Bustadføremålet skal vektleggjast svært høgt i høve til andre interesser i arbeidet med arealdelen. Dette gjeld og i avsette område i strandsona.
  5. Arbeidet med utvikling av Balestrand sentrum skal bygge på rapport frå 2008 frå nedsett arbeidsgruppe. Tiltaka skal prioriterast i fyrste del av kommuneplanperioden gjennom vidare arbeid med sentrumsplanen.
  6. Kommunen skal vedlikehalde kommunale vegar ut i frå målsetjing om estetikk og trafikktryggleik. I hovudsak skal alle kommunale vegar i Balestrand tettstad og i tilknytning til bustadfelt ha 30 km fartsgrense. Det skal arbeidast for 60 km fartsgrense mellom Skåsheimselva og Fjærestad og gang- og sykkelveg og veglys på same strekninga.
  7. Som trafikksikringstiltak skal det arbeidast for veglys på utvalde strekningar. Dette skal konkretiserast i handlingsprogrammet.
- 

### *Kommentarar*

Gode og trygge bumiljø er eit av dei største fortrinna kommunen har. Det er ei viktig utfordring å nytte dette potensialet på ein best mogleg måte.

100-meterssona har vore og er attraktiv i utbyggingssamanheng også i Balestrand kommune. Relativ høg utnytting av denne sona opp gjennom tidene kan forklarast ut i frå landskapsmessige tilhøve. Historisk har vore naturleg å ha busetjingar nær fjorden då dette er dei beste byggjeareala, medan areala lengre vekk frå sjøen mange stader er bratte og mindre eigna. På denne måten har bygging i 100-meterssona vore naturleg, og er ein del av Balestrand si historie og identitet.

I Balestrand kommune går offentleg veg, i hovudsak riksveg, langs nesten heile strandlina i kommunen. Nokre stader går vegen noko frå strandsona, men andre stader så nær at areal også på oppsida kjem innanfor 100-meterssona. I praksis vil utbygging ligge minst 20 til 25 meter oppom riksveg på grunn av byggegrense til denne. Då riksvegen vil vere eit fysisk skilje, vil generelt ikkje utbygging i 100-meterssona oppom riksvegen hindre tilgang til eller allmen bruk av strandområde. Det bør difor vere kurant å nytte areal oppom vegen til utbyggingsføremål ut i frå omsyn til 100-meterssona. På nedsida av riksvegen er problematikken til bruk av 100-meterssona reell.

Sett frå kommunen si side er 100-meterssona ein ressurs som i alle tider har vore nytta og framleis må nyttast aktivt for å få ei utvikling i kommunen. Dette gjeld både område som er særleg viktige å halde tilgjengelege for allmen bruk og område som kan utnyttast til næringsmessig utvikling.

Sentrum er viktig for heile Balestrand. Det skal vektleggjast å få til funksjonelle løysingar for trafikk, parkering sett i samanheng med eit sentrum der det er triveleg for folk å vere. Miljø, estetikk og lokal profil skal vektleggjast. Det er utarbeidd ein sentrumsanalyse/sentrumsplan, og konkrete tiltak skal som følgje av dette prioriterast og realiserast.

Sjøfronten byrjar no å bli bra og ein har på ein god måte fått fram og utnytta dei positive elementa som sentrum har ved å ligge nede ved fjordkanten. Det er no viktig å få eit samla fagleg godt fundert grep før vidare opprusting og utbygging av resten av sentrum.

Kommunale vegar er kombinerte vegar for bil og fotgjengartrafikk. Dei er også viktige turvegar for turistar og på den måten ein viktig del av infrastrukturen også for denne næringa. Å prioritere trafikktryggleik og estetikk vil også bygge opp under målsetjinga om gode og trygge bumiljø.

## 3.7 Samferdsle

### *Mål og retningslinjer*

---

1. Kommunen skal arbeide for
    - utbetring og rassikring av strekninga på riksveg 55 Balestrand - Dragsvik,
    - rassikring av fylkesveg 152 Ulvestad-Menes,
    - utbetring av riksveg 55 strekninga Flesje-Lindane,
    - opprusting av nasjonal turistveg over Gaularfjellet med fast opning til 1. april og gode fasilitetar og opplevingar langs vegen,
    - ei opprusting av ferjekaia på Dragsvik
    - at ferjefrekvensen i Balestrandsektoren vert auka og at det vert arbeidd for å få innført nattferje i sektoren,
    - at ekspressbåten mellom Sogn og Bergen held fram,
    - at tilbodet når det gjeld kollektive transportmiddel ikkje vert redusert,
    - tilrettelegging for transport/reisetilbod i tilknytning til fritidstilbod,
    - gode, tilpassa transporttilbod for ungdom og eldre
    - korrespondanse og påkobling til gjennomgåande bussruter, m.a. korrespondanse med morgonbussen til Bergen i Vadheim
  2. Kommunen skal vere aktiv i høve til å realisere aktuelle tilbod knytt til nasjonal turistveg og ei heving av standard og vedlikehald på riksveg 13.
  3. For å få dette til, skal det vere sett ned ei eiga politisk nemnd som har ansvar for å fylgje desse sakene opp overfor aktuelle styresmakter og i høve til viktige plandokument.
- 

### *Kommentarar*

Kommunen sjølv har ikkje ansvar for eller hand om nokre av dei viktige målsetjingane knytt til samferdsle. Kommunen sin strategi må ut i frå dette vere å jobbe saman med andre aktørar, kommunar, næringsliv, grendalag og andre for å påvirke dei som har ansvar for samferdsletiltaka. Det er vesentleg at dette arbeidet vert gjeve stor politisk tyngde.

## 3.8 Kommunen som forvaltningsorgan og tenesteytar

### *Mål og retningslinjer*

---

1. Balestrand kommune skal ha ein godt fungerande kommuneorganisasjon med tilstrekkeleg kompetanse - i eigen organisasjon eller ved samarbeid med andre - til å ivareta innbyggjarane sine behov. Kommuneorganisasjonen skal vere blant dei beste i fylket.
  2. Det skal vere eit samla styringssystem for den kommunale verksemda som gjer det mogeleg å sikre at verksemda vert utført i samsvar med eksterne krav og interne mål, og som gir eit godt internkontrollsystem.
  3. Som eit ledd i eit kvalitetssystem skal ein gå gjennom og fastsetje standardar for tenestetilbodet på alle område, som er tilpassa lovfesta rettar, brukarane sine forventningar og kommunen sine økonomiske føresetnader.
  4. Alle som har eit verv eller tilsetjingsforhold i Balestrand kommune skal jobbe ut frå fastsett merkevareplattform og visjon for staden og i samsvar med visjon og verdigrunnlag for kommunen.
  5. Alle som har eit verv eller tilsetjingsforhold i Balestrand kommune skal etterleve etiske retningslinjer som er fastsette for organisasjonen.
  6. Balestrand kommune skal gjennom medvitne mål og gode planar på personalområdet sikre god bemanning av tenestene og god ivaretaking av dei tilsette.
  7. Balestrand kommune skal oppgradere rekrutteringsplanen, drive eit effektivt rekrutteringsarbeid og nytte eit vidt spekter av virkemiddel for å oppnå den naudsynt bemanninga. Det må trekkast vekslar på eit samarbeid med NAV, andre kommunar og andre verksemdar i dette arbeidet.
  8. Balestrand kommune skal arbeide tverrfagleg for å sikre god folkehelse og eit inkluderande arbeidsliv.
  9. Heile kommuneorganisasjonen skal ha ansvar for kommunen sitt nærings- utviklingsarbeid.
  10. Heile kommuneorganisasjonen skal ha ansvar for å bidra til at det heilskaplege arbeidet med basistjenester i høve til oppvekst og omsorg fungerer godt.
  11. Tilbodet til innbyggjarane og dei interne fellestjenestene skal betrast gjennom prosjektet "Nye fellestjenestene". Det skal utviklast eit servicekontor på rådhuset.
  12. Funksjonen forvaltning, drift og vedlikehald skal vidareutviklast og ansvaret for all eigedomsforvaltning og alt reinhaldsarbeid skal vere samla ved plan- og utviklingsavdelinga.
  13. Balestrand kommune skal innrette si verksemd i tråd med sunne prinsipp for økonomistyring. Netto driftsresultat skal over tid overstige 3 % av brutto driftsinntekter.
  14. Som eit ledd i ei sunn økonomistyring skal midlar avsett til vedlikehald av kommunale bygg og anlegg aukast.
  15. Kommunen si lånegjeld skal haldast på eit lågt nivå. Det bør ikkje vere netto auke i lånegjeld i perioden, dersom ikkje låneutgiftene heilt eller i hovudsak kan dekkast gjennom eksterne tilskot eller brukarbetaling.
-

## ***Kommentarar***

Denne delen omhandlar korleis ein skal utvikle kommuneorganisasjonen og det kommunale tenestetilbodet til beste for innbyggjarane. Å ha eit godt styringssystem og dokumenterte rutinar på viktige område er ein viktig del av dette. Ein annan og like viktig del er å vidareutvikle og vedlikehalde ein god organisasjonskultur.

Vidare vil det vere viktig å syte for ei klargjering av kva tilbod innbyggjarane kan forvente frå kommunen.

Å syte for naudsynt rekruttering av arbeidskraft med rett kompetanse vil i høgste grad vere ei utfordring i åra framover. Dette må det arbeidast godt med.

Andre stikkord er samarbeid på tvers av sektorar og fag og at alle tek ansvar for heilskapen.

I tillegg til dei tenestene kommunen yter til eksterne tenestemottakarar, er dei interne serviceeiningane viktige. Fellestenestene er viktig for at kommuneorganisasjonen skal fungere, og dette må oppgraderast. Det er vidare naudsynt at plan- og utviklingsavdelinga har eit samla ansvar i høve til eigedomsforvaltning og reinhald, at avdelinga vert sett i stand til å utføre desse tenestene på ein god måte og at det skjer ei avklaring av samhandlinga med kommuneorganisasjonen elles. Ved Balestrand helsetun er det eit særskilt opplegg for reinhald, der denne funksjonen meir er integrert med andre funksjonar. Denne funksjonen er såleis lagt inn under ansvarsområdet pleie og omsorg.

Å halde fast ved ei sunn økonomistyring vil vere viktig også i åra framover. Å miste kontrollen over økonomien kan få store konsekvensar for korleis kommunen fungerer og korleis det kommunale tenestetilbodet vil utvikle seg.



## 3.9 Folkestyre og folkevalde organ

### *Mål og retningslinjer*

---

1. Balestrand kommune skal oppretthaldast som eigen kommune med nærleik mellom folk og styrande/tenesteytande organ og eit aktivt lokaldemokrati.
  2. Balestrand kommune skal vektleggje arbeidsmåtar som bidreg til reell folkevald styring. Dette skal vurderast i samband med delegering av mynde, bruk av komitéar, høyring av viktige saker og bruk av folkemøte.
  3. Det skal leggjast til rette for dei folkevalde sitt arbeid med tilstrekkeleg informasjonsgrunnlag og oppfylgjing frå administrasjonen og rimelege kompensasjonsordningar.
- 

### *Kommentarar*

Mål nr 1 her samsvarer med mål nr 3.1.3 foran, og det vert vist til kommentarane i denne delen.

Utan aktivt fokus og tilretteleggjing kan det vere ein tendens over tid til at det lokale folkestyret forvitrar, og at statleg styring og administrativ aktivitet vert for styrande for utviklinga. Dette ynskjer ein å motvirke ved dei måla som er sett opp her.

## 3.10 Andre offentlege tenester

### *Mål og retningslinjer*

---

1. Balestrand kommune skal arbeide for at innbyggjarane får like god tilgang til tenester frå offentlege etatar som i dag. Om det vert gjennomført omstruktureringar som inneber sentralisering og spesialisering, må det vere ein føresetnad at dette ikkje går utover tenestetilbodet lokalt.
  2. Balestrand kommune skal arbeide aktivt for å realisere intensjonane med NAV i eit samarbeid med staten.
  3. Balestrand kommune ser det som heilt naudsynt at det er eiga ambulanseteneste stasjonert i kommunen, og skal arbeide for at denne vert oppretthalde.
  4. Balestrand kommune skal arbeide aktivt for eit best mogeleg samarbeid mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Ordningar for å sikre tenestetilbodet for pasientar som ikkje får eit tilbod i sjukehus, men som har behov for omfattande eller avansert pleie, skal vurderast i samarbeid med andre kommunar.
  5. Balestrand kommune ser det som svært viktig for lokalsamfunnet med eigen vidaregåande skule i bygda, og vil gjere det som er mogeleg for å tilretteleggje for Sygna vidaregåande skule. Vidare vil det vere viktig å arbeide for at tilbodet ved Høyanger vidaregåande skule vert oppretthalde.
- 

### *Kommentarar*

Balestrand kommune tek utgangspunkt i uttalte sentrale målsettingar om at folk skal kunne bu der dei vil og få eit likeverdig tenestetilbod i heile landet. Sentralisering og spesialisering må ikkje gå ut over høvet til å få tenester frå offentlege instansar i griskrendte område.

NAV er ei viktig reform som Balestrand kommune skal ha eit aktivt forhold til, og ein går inn i dette med ein positiv vilje til å etablere betre tenester for dei som treng hjelp til å kome i arbeid, dei som treng eit avklara forhold utanfor arbeidslivet og næringslivet som treng arbeidskraft.

Det er tydeleg behov for nye arbeidsmåtar og samarbeidsmåtar for å sikre eit godt heilskapleg helsetilbod. Å utvikle samarbeidet med spesialisthelsetenesta og vurdere nye tilbod for pasientar med omfattande behov som ikkje kan vere på sjukehus må vere høgt prioritert. Uansett løysingar vil det vere avgjerande å ha ein ambulansestasjon i Balestrand.

Å ha gode vidaregåande skuletilbod i nærområdet er ei stor føremon for Balestrand.

### **3.11 Krav til staten**

1. Balestrand kommune krev at samordninga av regional stat i høve til kommunane vert auka og at ulike former for omorganiseringar av statsinstansane ikkje influerer negativt på dette.
2. Finansieringa av kommunesektoren må vurderast i ein heilskap og må i all hovudsak vere rammefinansiering. Kostnadene med nye oppgåver må dekkast fullt ut.
3. Balestrand kommune krev at vertskommunetilskotet også omfattar menneske med nedsett funksjonsevne over 67 år.
4. Det må vere eit differensiert regelverk i høve til bruken av strandsona, og det må i område med slike landskapsmessige forhold som i Sogn og Fjordane vere høve til å gjere lokale prioriteringar ut frå kommunane sine behov, og mindre restriksjonar enn i pressområde.
5. Staten må bidra til at kommunane vert sett i stand til å handtere dei miljøkrava som vert sett .
6. Staten må syte for tilstrekkeleg finansiering av vedlikehald av statleg og regional infrastruktur.

---

#### ***Kommentarar***

I denne delen uttrykker Balestrand kommune sine viktigaste krav til staten.

## 3.12 Spesielle satsingsområde

### 1. Born og unge

I arbeidet med å utvikle kommunen og møte framtidige utfordringar skal mål under pkt 3.2.1 i høve til born og unge ha ein særskilt prioritet. Dette er naudsynt for å lukkast med eit langsiktig arbeid for å snu ei utvikling, og m.a. stimulere til at unge finn ei framtid i Balestrand.

### 2. Næringsutvikling

For å oppnå auka aktivitet, vekst og tilflytting, er det avgjerande å oppnå ein auke i næringsverksemdar og arbeidsplassar i kommunen. Måla i pkt 3.4 skal såleis og ha høg prioritet.

### 3. Gode buområde og annan tilrettelegging for tilflytting

På same måten som arbeidsplassar, er det stort behov for å tilrettelegge for at det er attraktivt å kome til Balestrand og bu her. Det er vidare naudsynt å sikre at regelverket ikkje er til hinder for ei ynskt utvikling. Måla under pkt 3.1.5 - 3.1.8, 3.2.2.4, 3.5.6, 3.6.4 må ha fokus. Sentrale stikkord er:

- Gjennomgangsbustader og godt opplegg for å ta i mot folk som kjem hit på ein god måte.
- Attraktive buområde.
- Endra praksis i høve til buplikt.

### 4. Samferdsle – felles bu- og arbeidsområde

Balestrand er avhengig av eit større bu- og arbeidsområde. Å arbeide for samferdsletilbod og løysingar som bidreg til eit godt fungerande bu- og arbeidsområde må såleis ha prioritet. Det vert vist til pkt 3.7.

### 5. Rekruttering

Den største utfordringa i høve til å sikre eit godt kommunalt tenestetilbod i åra framover, er nye bemanningsbehov og auka konkurranse om arbeidskrafta. Å arbeide målretta og på fleire felt i høve til dette skal ha høg prioritet i åra framover.